

Innkalling

Utval: Sula kontrollutval
Møtestad: Sula rådhus, møterom 4. etasje.
Dato: 19.11.2025
Tidspunkt: 14:00

Den som har lovleg forfall eller vil ha vurdert habilitet til ei eller fleire av sakene, må melde frå snarast mogleg til sekretariatet på e-post: post@sksiks.no eller på telefon 926 11735

Varamedlem møter etter nærare beskjed frå sekretariatet.

Sakliste

PS 21/25 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
PS 22/25 Orienteringar
OS 02/25 Oppfølging av forvaltningsrevisjon Arbeid mot fattigdom -
orientering frå kommunedirektøren.
PS 23/25 Meldingar og skriv
MS 09/25 Generalforsamlingprotokoll frå Attvin 2025
MS 10/25 Protokoll frå årsmøte 2025 Møre og Romsdal Revisjon SA
MS 11/25 Aktuelle kurs 2026
PS 24/25 Bestilling av prosjektplan for forvaltningsrevisjon 2026 -
helse/omsorg
PS 25/25 Investeringsprosjekt Rørstadmarka - sak sendt frå Sula
kommunestyre.
PS 26/25 Møteplan 2026

Ålesund, 12.11.2025

Trygve Holm
Leiar kontrollutval

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar SKS IKS

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 21/25	Sula kontrollutval	19.11.2025

Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste. Samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Vedlegg

Møteprotokoll - Sula kontrollutval - 17.09.2025

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 22/25	Sula kontrollutval	19.11.2025

Orienteringar

Underliggende saker

02/25 Oppfølging av forvaltningsrevisjon Arbeid mot fattigdom - orientering frå kommunedirektøren.

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
OS 02/25	Sula kontrollutval	19.11.2025

Oppfølging av forvaltningsrevisjon Arbeid mot fattigdom - orientering frå kommunedirektøren. Sula kontrollutval

Sekretariatet si innstilling:

Sula kontrollutval tek orientering om oppfølging av forvaltningsrevisjon Arbeid mot fattigdom til vitande.
Kontrollutvalet ønskjer at saka sendast som referatsak med vedlagte rapport til Sula kommunestyre.

Bakgrunnsinformasjon:

Sula kommunestyre gjorde i sitt møte 18. juni 2025 følgande vedtak i sak om forvaltningsrevisjon Arbeid mot fattigdom:

K - 052/25 Vedtak:

1. Kommunestyret sluttar seg til dei tilrådingar som revisor gjev i rapport frå forvaltningsrevisjon innan arbeid mot fattigdom i Sula kommune.
2. Kommunestyret bed kommunedirektøren merke seg konklusjonane og tilrådingane i rapporten, og sette i verk dei tiltak som kjem fram i rapporten si tilråding.
- 3. Kommunestyret bed kommunedirektøren om å rapportere skriftleg til kontrollutvalet på oppfølging av rapporten innan oktober 2025 slik at kontrollutvalet kan følge opp arbeidet på sitt møte 19. november 2025.**

Som det gjeng fram av punkt 3 skal kommunedirektøren rapportere på oppfølging av rapporten til kontrollutvalet på møte 19. november 2025. Sekretariatet har 31. oktober 2025 motteke vedlagde tiltaksoversikt/rapport frå kommunedirektøren og ho vil gje kontrollutvalet ein gjennomgang av rapporten i møte. Kontrollutvalet kan med denne

orienteringa sjølve vurdere om dei vil avslutte saka eller bede om tilleggsopplysningar for vidare oppfølging. Sula kommunestyre bør bli kjend med det arbeidet som er gjort av kommunedirektøren, og saka bør sendast som referatsak til dei.

Vedlegg

Kommunedirektøren si oppfølging av forvaltningsrevisjon 2025

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 23/25	Sula kontrollutval	19.11.2025

Meldingar og skriv

Underliggende saker

09/25	Generalforsamlingprotokoll frå Attvin 2025
10/25	Protokoll frå årsmøte 2025 Møre og Romsdal Revisjon SA
11/25	Aktuelle kurs 2026

Saksframlegg

Saksnr. Utval
MS 09/25 Sula kontrollutval

Møtedato
19.11.2025

Generalforsamlingprotokoll frå Attvin 2025 Sula kontrollutval

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunnsinformasjon:

Kontrollutvalet får protokollen frå generalforsamlinga i Attvin som var halden 28. oktober 2025. Kontrollutvalet får det som informasjon fordi kontrollutvalet skal vere kjent med eigarmøter/årsmøter i selskap kommunen har eigarinteresser i.

Vedlegg

Protokoll frå generalforsamling 28.10.2025 - Attvin AS

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
MS 10/25	Sula kontrollutval	19.11.2025

Protokoll frå årsmøte 2025 Møre og Romsdal Revisjon SA Sula kontrollutval

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunnsinformasjon:

Sjå vedlagte møteprotokoll frå Møre og Romsdal Revisjon SA.

Vedlegg

Protokoll årsmøtet 06.06.2025 - Møre og Romsdal Revisjon SA

Saksframlegg

Saksnr. Utval
MS 11/25 Sula kontrollutval

Møtedato
19.11.2025

Aktuelle kurs 2026 **Sula kontrollutval**

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunnsinformasjon:

Både FKT (forum for kontroll og tilsyn) og NKRF (kontroll og revisjon i kommunene) har ferdig sine kursdatoar for 2026:

Frå NKRF sine nettsider: Bli med på årets største møteplass for kontrollutvalg! Kontrollutvalgskonferansen 2026 arrangeres tirsdag 27. og onsdag 28. januar på Clarion Hotel & Congress Oslo Airport, og samler medlemmer og ledere fra hele landet til to dager med høyaktuelle tema og spennende foredragsholdere. Nærare program finn du på: <https://www.nkrf.no/kurs/nkrfs-kontrollutvalgskonferanse-2026>

Frå FKT (forum for kontroll og tilsyn) sine nettsider: Velkommen til Fagkonferansen 2026 på Quality Airport Hotel Gardermoen, 2. – 3. juni Informasjon om konferansen kommer.

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 24/25	Sula kontrollutval	19.11.2025

Bestilling av prosjektplan for forvaltningsrevisjon 2026 - helse/omsorg Sula kontrollutval

Sekretariatet si innstilling:

Sula kontrollutval bestiller ein prosjektplan frå Møre og Romsdal Revisjon SA for gjennomføring av forvaltningsrevisjon innan helse/omsorg i tråd med dei punkta som kjem fram i saka og i møte i kontrollutvalet 19. november 2025. Møre og Romsdal Revisjon SA skal levere prosjektplanen med tydeleg problemstilling, anslag på ressursbruk og tidsplan for gjennomføring. Denne planen leggst fram på neste møte i Sula kontrollutval i 2026 og skal være grunnlaget for arbeidet med endeleg rapport.

Bakgrunnsinformasjon:

Sula kontrollutval gjorde i sitt møte 4. september 2024 (sak 20/24) vedtak om innstilling til Sula kommunestyre på plan for forvaltningsrevisjon. Saka blei handsama i Sula kommunestyre på deira møte 3. oktober 2024 (sak 68/24) og vedteke i tråd med framlegget frå kontrollutvalet. Kommunestyre valde å prioritere følgande tema:

1. Arbeid mot fattigdom
2. Helse/omsorg
3. Plan/teknisk

Sula kommunestyre handsama forvaltningsrevisjon innan arbeid mot fattigdom på deira møte 18. juni 2025 (sak 52/25) i tråd med tilrådinga frå kontrollutvalet. Rapporten skal følgjast opp av kontrollutvalet og kommunedirektøren skal rapportere tilbake til kontrollutvalet hausten 2025. I tråd med plana nemnd over, er punkt 2 Helse/omsorg. Det er

ønskjeleg å arbeide med ein forvaltningsrevisjon i 2026 slik at kontrollutvalet følgjer kommunestyre sin vedtekne plan.

Vurdering:

Det er ved bestillinga av det enkelte forvaltningsrevisjonsprosjektet at kontrollutvalet har størst innverknad på problemstillingane som skal undersøkjast, og dermed kva prosjektet skal gje svar på. Det er difor viktig at kontrollutvalet brukar tid på bestillingsprosessen, for å sikre at prosjektet blir gjennomført i samsvar med utvalet sine ynske. Eit vanleg utgangspunkt for å bestille ein forvaltningsrevisjon er at utvalet drøftar bakgrunnen for og føremålet med prosjektet og moglege problemstillingar.

Drøftingane dannar grunnlag for å be revisor utarbeide ein prosjektplan, eller for å utlyse ein konkurranse der revisor må utarbeide eit tilbod basert på kontrollutvalet sine spesifikasjonar. I prosjektplan som revisor utarbeider blir kontrollutvalet sine innspel synleggjort med føremål og problemstillingar. Det er også viktig at det går fram kva kriterium revisjonen vil leggje til grunn, metodebruk og planlagd tids- og ressursbruk. Då vil kontrollutvalet ha eit grunnlag for å vurdere ressursinnsats i høve til prosjektgjennomføring.

Prosjektplan blir send til sekretariatet, som ser til at den er i samsvar med bestillinga frå kontrollutvalet. Kontrollutvalet handsamar prosjektplanen, og kan godkjenne han med eller utan endringar. Sekretariatet meina at kontrollutvalet på sitt møte 19. november 2025 bør diskutere kva områdar innan helse/omsorg det kan være aktuelt å sjå nærare på. Revisjonen bør delta i diskusjonen og slik sett hjelpe utvalet til å "spisse" moglege problemstillingar. På første møte i 2026 bør eit forslag til prosjektplan for ein forvaltningsrevisjon bli presentert for kontrollutvalet.

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 25/25	Sula kontrollutval	19.11.2025

Investeringsprosjekt Rørstadmarka - sak sendt frå Sula kommunestyre. Sula kontrollutval

Sekretariatet si innstilling:

Sula kontrollutval tek saka om budsjettoverskridingar på gang- og sykkelveg på Rørstadmarka til vitande.

Bakgrunnsinformasjon:

Sula kommunestyre gjorde i sitt møte 18. juni 2025 følgande vedtak i sak 65/25:

K - 065/25 Vedtak:

- 1. Sula kommunestyre tek utgreiing i saka om budsjettoverskriding for investeringsprosjektet Rørstadmarka gang og sykkelveg til vitande.*
- 2. Sula kommunestyre ber kommunedirektøren ta med læringspunkta frå rapporten inn i arbeidet med nye retningslinjer for byggje og anleggsprosjekt i Sula kommune*
- 3. Sula kommunestyre ber om at saka blir oversendt Sula kontrollutval for vidare gransking.*

Kontrollutvalsmedlem Sverre Østrem etterlyste saka på kontrollutvalet sitt møte 17.september 2025 men kontrollutvalsekretariatet var ukjend med vedtaket. Sekretariatet har ikkje fått dette vedtaket tilsendt før det blei etterlyst og kontrollutvalet uttalte at dette skulle takast opp på neste møte i kontrollutvalet 19. november. Sekretariatet skulle då hente inn naudsynte opplysningar og bakgrunn slik at utvalet kan gjere ei vurdering av oversendinga frå Sula kommunestyre.

Vurdering:

På eit generelt grunnlag kan det seiast at når kommunestyre, som øvste kontrollorgan bed kontrollutvalet sjå nærare på ei problemstilling, bør dette gjerast grundig. Sjølv om det er opp til utvalet å gjere ei vurdering av om det skal setes i gang ei kontrollhandling, har sekretariatet tillate seg å diskutere problemstillinga med kommunerevisjonen. Vedlagt finn dykk ei kort vurdering frå dagleg leiar Martin Gjendem Mortensen i Møre og Romsdal kommunerevisjon SA. Han vil og være til stade i kontrollutvalet sitt møte 19. november 2025 og hjelpe utvalet i korleis dette kan handterast vidare.

Sjølve saka om budsjettoverskridelsar på bygging av gang- og sykkelveg på Rørstadmarka er gjort greie for i kommunestyresak 037/24 Sluttrapport og kommunestyresak 65/25 Utgreiing av budsjettsprekk, som begge ligg ved denne saka.

Konklusjon:

Sula kontrollutval må difor på møte 19. november 2025 diskutera kva sider ved budsjettoverskridingane ein eventuelt ønskjer å sjå nærare på. Saka leggst difor fram med tilråding til at kontrollutvalet tek den til vitande. Med bakgrunn i den informasjonen og diskusjonen som kjem fram i kontrollutvalet sitt møte kan kontrollutvalet sjølve fremme forslag til nytt vedtak som seier noko om ei eventuell bestilling av rapport frå kommunerevisjonen.

Vedlegg

Saksframlegg kommunestyret 18.06.2025 - oversending til kontrollutvalet

Saksframlegg kommunestyret 13.06.2024 Investeringsprosjektet Rørstadmarka gang og sykkelveg - sluttrapport

Revisjonen si vurdering av mogeleg kontrollhandling av investeringsprosjektet

Rørstadmarka gang og sykkelveg

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 26/25 Sula kontrollutval

Møtedato
19.11.2025

Møteplan 2026 Sula kontrollutval

Sekretariatet si innstilling:

- onsdag 11. februar 2026
- onsdag 8. april 2026
- onsdag 13. mai 2026
- onsdag 9. september 2026
- onsdag 18. november 2026

Møta starta kl. 14.00 og blir halde på rådhuset i Langevågen om ikkje anna blir avtalt.

Bakgrunnsinformasjon:

Det er viktig å sørge for at kontrollutvalet har tilstrekkeleg med møte, slik at kontrollutvalet kan utføre og følge opp dei oppgåver som er naudsynt for å sikre forsvarleg kontroll. Det har vore vanleg med 5 møter, 3 på våren og 2 på hausten tilpassa utvalet sine oppgåver. Kontrollutvalet bør planleggje sine møter slik at det ikkje går for lang tid frå eit møte til det neste. Sakene som kjem opp kan då miste sin aktualitet. Og at samanhengen med kommunestyremøta er der, slik at det ikkje er gamalt nytt som vert rapportert frå kontrollutvalet. Kontrollutvalet har faste oppgåver gjennom året som gjer det naturleg at kontrollutvalet har eit minimum av møte. Det kan også være aktuelt med møte i tillegg til møteplanen om situasjonen krev det.

Det er viktig at kontrollutvalet finn datoar som passar for alle medlemmane. Det å ha ein møteplan sikrar forutsigbarhet og gjer at innbyggjarar og politikarar lettare kan følge arbeidet til kontrollutvalet. Møteplanen vert kunngjort på kontrollutvalet si nettside og med lenkje på kommunen si nettside.

